

Protokoll frå telefonstyremøte i Helse Vest RHF

Tid: Styret for Helse Vest RHF 17.02.2009, 1600 – 1630
Møtestad: Telefonstyremøte

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret:	Forfall:
Oddvard Nilsen	Ohene Aboagye
Leiar	Medlem
Gisle Handeland	
Medlem	
Torhild Selsvold Nyborg	
Medlem	
Inger Hamborg	
Medlem	
Gerd Dvergsdal	
Medlem	
Aslaug Husa	
Medlem	
Gro Skartveit	
Medlem	
Nils P. Støiva	
Medlem	
Eli Moldeklev	
Medlem	
Gunnar Berge	
Medlem	
Helge Espelid	
Medlem	
Kari Oftedal Lima	
Nestleiar	

Deltakarar frå administrasjonen:	
Administrerende direktør Herlof Nilssen	
Viseadministrerende direktør Helge E. Bryne	
Fagdirektør Odd Søreide	
Økonomidirektør Per Karlsen	
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen	
Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal	
Konstituert eigardirektør Ivar Eriksen	
Torunn Nilsen referent	
Bygg- og eigedomssjef Leif Johan Røthe	

Saker:	
017/09 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
018/09 B	Endringar i statsbudsjettet 2009 med tiltak for arbeid – fordeling av midlar

017/09 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Kommentarar:

Forfall:

Ohene Aboagye

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

018/09 B Endringar i statsbudsjettet 2009 med tiltak for arbeid – fordeling av midlar

Kommentarar:

I føretaksmøte 27. januar 2009 blei det gjort greie for regjeringa sin tiltakspakke mot arbeidsløyse og for å dempe verknadene av den internasjonale finansuroa på norsk økonomi, jf. St. prp. nr. 37 (2008-2009) Om endringer i statsbudsjettet 2009 med tiltak for arbeid.

I proposisjonen er det gjort framlegg om ei tilleggsløyving til spesialisthelsetenesta på totalt 1 mrd kroner. Midlane er fordelt mellom dei regionale helseføretaka etter Magnussenutvalet si fordelingsnøkkel. Dette gir ei løyving til Helse Vest på totalt kr 188 mill.

Det er i proposisjonen slått fast at tilleggsløyvinga skal nyttast til oppgradering og vedlikehald av bygningsmassen, og det er styret i det regionale helseføretaket som skal prioritere kva

prosjekt som skal tildelast midlar. Dei aktuelle prosjekta skal leggjast fram for Helse- og omsorgsdepartementet før prosjekta blir sett i verk, og det er understreka at driftsmessige konsekvensar av tiltaka skal dekkast under den ordinære budsjettildelinga.

Det er elles gitt følgjande føringar for styret sin prioritering mellom tiltaka:

- Høg sysselsettingseffekt
- Geografisk spreining
- Rask oppstart
- Tillegg til planlagd (allereie budsjettett) aktivitet

Det er lagt vekt på å få til ei geografisk spreining av tiltak over heile regionen. Samandrag per helseføretak er som følgjer:

Helse Førde HF	26 300 000
Helse Bergen HF	70 700 000
Helse Fonna HF	26 000 000
Helse Stavanger HF	58 000 000
Private ideelle	7 000 000

Det er føreslått å løyve 40 mill kroner til MOBA. Midlane vil bli brukt til innreiking av luftsmitteisloa og intensivavdeling i tredje etasje.

Med omsyn til sysselsettingseffekt ligg tiltaka som er føreslått innanfor ei sysselsettingseffekt på mellom 50 og 90 %.

Alle tiltak er fullfinansierte i 2009, med unntak av MOBA 3. etg.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret sluttar seg til det framlagde forslag til prioritering av tiltak slik dette går fram av saksførelegget med vedlegg.
2. Saka blir oversendt til Helse- og omsorgsdepartementet til godkjenning før prosjekta blir sett i verk.

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger 17. februar 2009

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Gunnar Berge

Sett:

Gisle Handeland

Ohene Aboagye

Gerd Dvergsdal

Torill Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Nils P Støyva

Inger F. Hamborg

Helge Espelid

Eli Moldeklev

Aslaug Husa